



Pris: 10.-

BERGEFJELLET

FORSAND KOMMUNE

FAKTA

Lengde: Om lag 4-5 timer tur-retur

Passar for: Ikkje for dei minste

Parkering: God plass ved bedehuset

Kartblad: 1212 I: Høle

Verd å merka seg:

Frå bedehuset må ein kryssa vegen og gå gjennom grinda att med hetsebeitet. Der vil ein finna stien vidare opp lia. Turen kan kombinerast med tur til Vika, men då må ein ordna med skyss på andre sida.



Foto: Roy Mangersnes

OM TUREN

Turen opp til Bergefjellet er populær og eit viktig utfartsområde for dei som bur i Forsand, og det er fullt mogleg å starta turen frå Bergevik. Ovanfor innmarka er skogen tett og med mykje kratt. Det er då greit å følgja merkinga opp lia.

Lengre oppe er stien fint tilrettelagt og lett å følgja. Til tider kan det vera noko bratt der stien kryssar att og fram opp mot toppen.

Eit stykke opp blir skogen tynnare, og etter kvart blir utsynet mot fjorden meir og meir iaugnerefallande. Dette er med på å gi ekstra krefter slik at den siste biten opp til toppen kan gjennomførast. Utsikta frå toppen er heilt fantastisk.

Frå Bergefjellet kan ein gå vidare ned mot Svartalivatnet og austover mellom Stemmvatnet og Yleskogvatnet mot Vikastakken. Dei sprekaste kan klatra til topps på begge fjella same dagen!

Historie og natur

Bergefjellet er med sine 631 meter over havet, eit landemerke ytterst i Lysefjorden. Det er ikkje berre folk som brukar områda nær Bergefjellet regelmessig. Rådyr trivst godt i liene nær toppen, medan orrfuglen sit på kantane og buldrar. I vatna kan ein vera heldig å sjå smålom som ligg og duppar. Dette er ein art som er trua i Noreg og som er veldig sårbar for forstyrningar.

På Bergefjellet kan ein også vera heldig å finna sylmose. Dette er ein ganske uanseleg putemose som er sjeldan i Europa. Den er kjent frå 11 lokalitetar i Noreg og elles berre frå Austerrike, Hellas og Italia. Dei største førekommstane finn ein i Sibir, Kina og India!



